



Beitekvalitet i utmark kan klassifiserast

Forfatter

Yngve Rekdal, Nordk institutt for skog og landskap

Sammendrag

Det er stor variasjon i beitekvaliteten i utmarka, både lokalt og regionalt. Akkurat som skogbruket har system for å bonitere marka etter eigenskapar for produksjon av trevyrkje, treng beitenæringa reiskap for å vurdere marka etter produksjon av beiteplanter. Ei inndeling av plantedekket i vegetasjonstypar er den einaste systematiske reiskapen vi har for å arbeide med arealkvalitetar i utmarksbeitet.

Publisert

2010

Referanse

Sau og Geit nr. 5/2010

Utskriftsdato

31.07.2021 www.fag.nsg.no



Den beste marka i fjellet er dominert av gras og urter med eit busksjikt av vier som særleg er typisk for innlandsstrok. Dette er vegetasjonstypen høg staudeeng og her finn ein det beste beitet.

Beitekvalitet i utmark kan klassifiserast

Det er stor variasjon i beitekvaliteten i utmarka, både lokalt og regionalt. Akkurat som skogbruket har system for å bonitere marka etter eigenskapar for produksjon av trevyrkje, treng beitenæringa reiskap for å vurdere marka etter produksjon av beiteplanter.



Ei inndeling av plantedekket i vegetasjonstypar er den einaste systematiske reiskapen vi har for å arbeide med arealkvalitetar i utmarksbeitet.

Vurdering av beitekvalitet

Utmarksbeitet har til alle tider vore gjeve karakteristikkar som magre og dårlege eller saftige og gode. Dette er lite presise omgrep og er svært avhengig av kva referanse den har som brukar dei.

Den einaste systematiske reiskapen vi har for å vurdere kvalitet av utmarksbeite, er ei inndeling av vege-

Michael Angeloff i gang med vegetasjonskartlegging. Grenser mellom vegetasjonstypane og signatur for kvar figur blir teikna inn på flybilete.


tasjonsdekket i vegetasjonstypar. Ein vegetasjonstype er ei karakteristisk samling av artar som vil vekse på stader med like veksetilhøve. Den fattigaste marka vil til dømes vera dominert av nøysame lyngartar som krekling, tyttebær og røsslyng saman med lavartar. Den rikaste marka blir dominert av gras og urter.

Utgangspunktet for bruk av vegetasjonstypar ved beitevurdering er at artssamansetting, planteproduksjon og næringsinnhald i plantene innafor kvar vegetasjonstype varierer lite frå lokalitet til lokalitet innafor eit geografisk avgrensa område. Beiteverdien for den enkelte vegetasjonstype vil i første rekkje vera avhengig av produksjonen av beiteplanter, næringsverdien i beiteplantene og utnyttingsgraden (kor stor del av plantemassen som blir teke opp av dyra). Dyra sitt





Den middels rike marka blir dominert av dvergbjørk, blåbær, krekling og smyle. Dette er vegetasjonstypen rishei som er den vanlegaste av alle typane i fjellet. Risheia er rekna som middels godt beite.



VEGETASJONSKART Vegetasjonskartet har mange farger og signaturar som kan vera vanskeleg å forstå for den som ikkje vil bruke litt tid på kartet.



På den fattigaste marka veks berre lav, krypende dvergbjørk eller krekling og andre låge lyngartar. Her er det lite å hente for beitedyr og lavheia har verdien mindre godt beite.



BEITEKART FOR SAU Det avleia beitekartet viser beitekvalitet som tre grøntonar der mørkaste tonen er beste beitet. Ulike skravur blir bruka for å få fram spesielle eigenskapar ved beitet som forsumping eller sein snøsmelting.

val av beiteplanter og område vil òg vera påverka av faktorar som tilgjenge, høve til ly, fordeling av vegetasjonen i høgdesoner, mangfald i vegetasjonen, beitepress, årstid, vèrtilhøve, plassering av saltsteinar m.m. Verdsetting av beitet blir såleis svært komplekse vurderingar som mykje må byggjast på skjønn ut frå god kunnskap om plantedekket, beitevanar og andre faktorar som er nemnt.

Vegetasjonskartlegging

Kartfesting av utbreiinga av vegetasjonstypar blir kalla for vegetasjonskartlegging.

Vegetasjonskartet viser den mosaikken av vegetasjonstypar som finst i eit område. Vegetasjonskartet er eit komplisert kart som gjev svært mykje informasjon om utmarka for mange brukargrupper. Forsking og erfaring har gjort at ein kan sortere vegeta-

sjonstypar etter beitekvalitet. Det vanlege er å dele i tre klassar: svært godt beite, godt beite og mindre godt beite. Den siste klassen er areal der vegetasjonsdekket har så lite beiteplanter at beitedyr ikkje vil ha vesentleg næringsopptak herifrå.

Alle kartdata blir i dag produsert digitalt. Dersom ein matar data-maskina med opplysningar om kartfigurar og kva vegetasjonstype som finst i kvar figur, saman med ein eigenskapstabell for beiteverdien til vegetasjonstypane, kan maskina raskt gjera om vegetasjonskartet til eit beitekart. Dette viser variasjonen i beitekvalitet i tre fargar og er mykje lettare å forstå enn vegetasjonskartet. Saman med det topografiske kartgrunnlaget gjev dette ein svært god dokumentasjon av variasjonen i beitekvalitet i eit område.

Store variasjonar i beitekvalitet

Utmarksbeitet har store variasjonar i Noreg. Dette gjeld regionalt, men òg over korte avstandar lokalt. Kvaliteten på beitet ser ein att i avdråtten frå beitedyra. Same prinsippet gjeld i utmarka som i fjøset - produksjonsresultatet er avhengig av kvaliteten på føret dyra har tilgang til. Dette ser ein særleg i sauehaldet der halvparten av årsføret blir teke frå utmarka.

Norsk institutt for skog og landskap begynner no å få fylkesoversikter over beitekvalitet. Resultat frå 10 fylke forelegg. Dette viser at i snitt for fylka er kring 15% av arealet svært godt beite, 45% godt beite og 41% mindre godt beite. Troms er beste fylket med 25% av beitet i beste klasse, medan Agderfylka er skinnare med berre 3% som svært godt beite. Innafor fylka er det igjen store variasjonar.

Viktig med kunnskap om utmarksbeitet

Det er mange interessegrupper som ønskjer og vera med å bestemme korleis utmarka skal forvaltast. Beitenæringa er kanskje den arealbrukaren som brukar størst del av Noregs landareal. For næringa er det viktig å ha kunnskap om ressursgrunnlaget for å synleggjera arealinteresser i høve til andre brukarar av utmarka. Kunnskap om beitet er også viktig for å bruke beitet optimalt og få mest muleg att frå beitesesongen i form av kjøt, mjølk og ull.

Eit utmarksbeite må skjøttast skal dei gode kvalitetane takast vare på. Grasinnehaldet i vegetasjonen blir fremma av beiting og beiting hindrar tilgroing med treaktige vekstar. Ulike skjøtselstiltak kan ha ulik verknad etter marktype. Kunnskap om naturgrunnlaget er difor viktig skal ein få mest muleg att for dei tiltaka som blir sette i verk. Kunnskap er også viktig for å vise at næringa driv god naturforvaltning med langsiktig berekraftig bruk som mål.

Beitekartlegging ved Skog og landskap


Norsk institutt for skog og landskap har i mange år drive vegetasjonskartlegging for ulike bruksformål. Fundamentet for dette arbeidet er eit standardisert system av vegetasjonstypar for vegetasjonskartlegging som blir bruka for heile landet. Beitenæringa har etter kvart vorte viktigaste oppdragsgjeveren for kartleggingsprosjekt. Med grunnlag i kartlegging og den lokalkunnskap dette gjev, har det vore drive rådgjeving kring beitebruk og landskapsskjøtsel. Parallelt med dette har det vore drive metodeutvikling for å gjera kartlegginga til eit best muleg reiskap for å vurdere beitekvalitet- og beitekapasitet i utmark. Dette arbeidet har foregått mykje i samarbeid med Institutt for husdyrvitenskap ved UMB.

Alle vegetasjonskart blir lagt inn i databasar. Desse skal no snart bli tilgjengelege for alle på Internett. Alle rapportar frå tidlegare kartleggingsprosjekt kan finnast på Skog og landskap sine nettsider.

Tekst og foto: Yngve Rekdal



Der snøen smeltar seint ut finn vi grassdominerte areal med låg planteproduksjon. Vegetasjonstypen grassnøleie har høg verdi for beitet da ein her finn næringsrik nygroe på ei tid da anna vegetasjon fell i kvalitet.



Vegetasjonskartlegging består i å gjengi hovudtrekka i korleis vegetasjonstypar fordeler seg i eit område.

Totalleverandør av skinn

... salg og leigeberedning

Granberg Garveri AS vart etablert i 1951 og var då blant landets minste garveri. I dag med ein årsproduksjon på over 60.000 skinn, 28.000 reg. kunder og 27 dyktige medarbeidarar, er Granberg Garveri AS blitt Norges største på beredning av sau- og reinsdyrskinn.

5582 Ølensvåg - tlf. 52 76 50 00
www.granberggarveri.no

